



Anette Hvidevold
Kvitavollsvegen 32

Utsett offentlegheit
Offl. § 5 1. ledd / Offl. § 5 4. ledd

5454 Sæbøvik

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2026/3727-2		10.06.2026

Varsel om tilsyn - 196/5

Saksopplysningar

Tema: Oppfølging av formell klage på om eigedommen vert nytta i samsvar med gjeldande løyve og regelverk innan jordbruk, nydyrking, forureining og plan- og bygningslova.

Grunneigar: Anette Hvidevold

Tidspunkt for tilsynet: **15.06.2026, kl 12:00**

Møtestad: Ved gjødselkummen, gnr/bnr 196/5

Regelverk

Kvinnherad kommune er lokal forureiningsstyresmakt i forsøplingsaker og kan følgje opp moglege brot på forureiningslova § 28 om forsøpling. Kommunen kan, dersom vilkåra er oppfylte, gi pålegg om opprydding etter forureiningslova § 37.

Kommunen vil i tillegg involvere landbruk og byggesak. Desse fagområda kan gjere eigne vurderingar innan sine ansvarsområde, basert på funn ved tilsynet og dokumentasjon i saka.

Kvifor kommunen fører tilsyn

Kommunen har mottatt opplysningar om at arealet kan vere nytta til aktivitet som kan innebere forsøpling eller ulovleg handtering og lagring av avfall og gjenstandar, og at det kan vere aktivitet som treng avklaring etter ulike regelverk. Kommunen skal avklare faktum i saka før vidare vurdering og eventuelle vedtak.

Kva tid kan det førast tilsyn

Kommunen kan føre tilsyn når det er grunn til å undersøkje om det ligg føre forhold som kan vere i strid med forureiningsregelverket. Tilsyn blir gjennomført ved synfaring og innhenting av relevante opplysningar.

Plan for tilsynet

Tilsynet vil bestå av synfaring på eigedomen for å få oversikt over:

- om det finst avfall, gjenstandar eller materiale som kan vere omfatta av forbodet mot forsøpling
- om det er forhold som kan gi forureiningsfare eller vere skjemmande for omgjevnadene
- om det er forhold som bør oversendast til eller følgjast opp av andre fagområde i kommunen

Vi ber om at de legg til rette for at kommunen får tilgang til relevante delar av området i tilsynstida. Kommunen ber òg om at de stiller ein representant som kan vise fram området og svare på spørsmål.

Frå kommunen vil det stille representantar frå fagområda miljøretta helsevern, landbruk og byggesak.

Opplysningar kommunen ber om før tilsynet

For å opplyse saka ber kommunen om at de **innan kl. 12 mandag 15.06.2026** sender ei kort skriftleg tilbakemelding med relevant dokumentasjon:

1. Kva aktivitet som har gått føre seg på arealet dei siste åra, og kva føremål aktivitetane har hatt.
2. Oversikt over eventuelle massar og materiale som er tilført eller lagra på eigedomen, inkludert opphav, type og omtrentleg mengd.

Om opplysningar og medverknad

Kommunen ber om opplysningane over som ledd i saksutgreiinga. Dersom opplysningar ikkje blir gitt, må kommunen vurdere saka på grunnlag av dei opplysningane som elles ligg føre. Dersom det seinare blir aktuelt med formelt pålegg om opplysningar eller tiltak, vil dette bli handtert som vedtak med opplysning om klagerett.

Etter tilsynet

Kommunen vil utarbeide notat eller rapport frå tilsynet. Deretter vil kommunen ta stilling til om saka skal følgjast opp med vedtak, til dømes pålegg om opprydding etter forureiningslova § 37, oppfølging etter anna regelverk eller kombinasjon av desse. Dersom kommunen fattar vedtak, vil det gå fram av vedtaket kva heimel som er brukt, kva faktum som er lagt til grunn, og korleis de kan klage.

Spørsmål

Hugs å oppgje saksnummer ved kontakt. Spørsmål og dokumentasjon kan sendast til post@kvinnherad.kommune.no

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Synneve Skei
Konsulent miljøretta helsevern

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Natalie Martins Sæberg

Karen Løvfall Våge

Arve Aarhus

Rosendalsvegen 10

Rosendalsvegen 10

Rosendalvegen 10

Mottakarar:

Anette Hvidevold